

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/18	047	05.03.2018	13.03.2018	JS

PLANAR OM SYMJEBASSENG OG SAMARBEID MED PRIVATE AKTØRAR

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet finn, ut frå dei opplysningane som ligg føre, å ikkje å gå vidare i denne saka no.

Vedlegg

Brev med spørsmål frå vararepresentant Ingolf Berg dat. 15.01.2018 med vedlegg.

Saksopplysningar

Det vert vist til uttale vi har henta inn frå advokat Kvammen:

«Saken hører vel foreløpig hjemme kun på det sivilrettslige plan, i alle fall så lenge de faktiske forhold ikke fullt ut ennå er klarlagt. Ellers kan jeg nevne at anskaffelsesregelverket ikke har hjemmel for å ilegge straff i straffelovens forstand, men kun sivilrettslige følger ved brudd, så som gebyr som KOFA kan ilegge, ved siden av å kjenne en kontrakt uten virkning eller avkorte en kontrakts varighet.

For enhver anskaffelse over kr. 100.000.-. gjelder anskaffelsesforskriftens (FOA) del I. Her er fastsatt grunnleggende krav til gjennomsiktighet, likebehandling, reell konkurranse, osv.

For anskaffelser over 1,1 million kroner gjelder del II.

For bygge- og anleggskontrakter er

terskelverdien 44 millioner kroner for at kontrakten skal behandles etter FOA del III.

I del II gir FOA § 8-2 regler for "Dialog med leverandører før konkurransen".

Det viktige her er at

oppdragsgiveren (kommunen) er pliktig til å "treffe egnede tiltak for å sikre at leverandøren ikke får en urimelig konkurransefordel dersom han deltar i konkurransen. Det samme gjelder dersom leverandøren har vært involvert i planleggingen av konkurransen på annen måte. "

Det følger av likebehandlingsprinsippet at kommunen ikke skal benytte rådgivere ved utarbeidelse av spesifikasjonene dersom de kan ha en økonomisk interesse i anskaffelsen, hvis dette skjer på en måte som ville kunne utelukke konkurranse.

Kommunen skal etter forskriftens § 9-5 i utgangspunktet avvise en leverandør har deltatt i forberedelsen av konkurransen og med dette oppnådd en urimelig konkurransefordel. Kommunen har plikt til å unngå konkurransevridning. Men det er også forbudt å anvende denne regelen for strengt, f.eks. overfor en som er engasjert til å bistå kommunen med å utvikle tjenestene i en tidlig fase.

Her kan bli en grenseoppgang som må vurderes konkret. Det som ofte er viktig er at de opplysninger som rådgiveren får tilgang til under rådgivningsarbeidet på tilfredsstillende måte blir gjort kjent for øvrige tilbydere slik at likebehandling blir sikret.

Her er det viktig at de opplysninger som rådgiveren får tilgang til under rådgivningsarbeidet på tilfredsstillende vis blir gjort kjent for øvrige tilbydere.

Dersom anskaffelsen hører inn under FOA III, skal en også merke seg at et nytt anskaffelsesdirektiv (Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 2014/24/EU av 26. februar 2014) tillater oppdragsgiveren å henvende seg til enkelte leverandører i forkant av en anskaffelse for å få informasjon om hva som kan tilbys i markedet, og for å sikre seg at konkurransegrunnlaget utformes på en måte som gir leverandøren et godt grunnlag for å gi tilbud. Dette viser at det på en måte mer tillatt nå med dialog med markedet før iverksetting av selve konkurransen. Men de grunnleggende prinsippene, herunder prinsippet om at alle tilbydere skal ha like muligheter, består jo.

Jeg håper dette til en viss grad er avklarende for problemstillingen. Jeg regner kanskje med at kommunen har gjort seg slike vurderinger som er nødvendige som ledd i en slik anskaffelsesprosess.»

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram er dette ikkje ei sak for kontrollutvalet no.



Jostein Støylen
Dagleg leiar

Måløy 15.02.2018.

Til
VEST KONTROLL
post@vestkontroll.no

Sak til kontrollutvalget i Vågsøy kommune

I kommunestyremøte den 1. februar 2018 var det ei orientering om at ordføreren var meldt til økokrim, ikkje anmeldt, men meldt.

Det var kort orientert om at meldinga var trekt tilbake av den som hadde meldt dette.

Eg tenker at her må ligge noko meir bak.

Ein innbyggjar i kommunen melder ikkje ordføreren til økokrim utan at det er ein grunn til det.

Etter litt undersøking finne eg ut at meldinga gjeld Vågsøy kommune sine planar om nytt svømmebasseng i kommunen og samarbeid med private aktørar.

Det kan vere at på noverande stadium er dette etter reglane, men når det kjem til realitet kan det vere at lov om offentlige anskaffelser blir gjeldande. Då har allereie den private aktøren fått eit konkurransefortrinn ved å ha vore med på diskusjonane frå begynnelsen.

Saka har vore behandla i Oppvekst og kultur 21.11.2017 (saknr. 086/17) og i Formannskap 23.11.2017 (saknr 186/17).

Videre er dette tatt med i intensjonsavtale 030417 mellom Vågsøy- og Flora kommune om samanslåing til Kinn kommune.

Utklipp: Vedtak i Formannskapet:

F- 186/17 Vedtak:

Vågsøy kommune er positiv til å arbeide vidare med realisering knytt til eit badeanlegg som dekker kommunen sine behov for symjeopplæring etter Opplæringslova.

Det vidare arbeid må klarlegge organisering av selskapsstruktur, om kommunen evt. skal vere eigar eller leietakar i prosjektet.

1. Rådmann må få fram ein reell kostnad på årleg leigesum for symjeopplæring. Denne skal være basert på at Vågsøy Kommune leiger plass til lovbestemt symjeopplæring med eit selskap som eig symjebassenget, og som også elles kan drive dette på forretningsmessig basis. Slik kostnadsoversikt må være på plass før ein arbeider vidare med planer der kommunen er medeigar, leietaker eller sjølvstendig eigar av eit nytt symjebasseng.


2. Det skal også, samtidig ligge føre kostnad med å fornye renseanlegget på Skram slik at det kan ha kapasitet til bading både på dagtid, kveldstid og i helgane.

Utklipp frå intensjonsavtalen:

- Bygge ut Måløy og Florø som attraktive, urbane og kulturelle sentra ved å prioritere realisering av gjeldande plan for symjeanlegg, fleirbrukshall med spesialfunksjonar og kulturfasilitetar i Vågsøy og fullskala fotballhall i Florø

Eg vil be kontrollutvalget evt. sekretariatet sjå nærmare på dette.
Er ein på veg til å bryte lov om offentlige anskaffelsar?

Med helsing



Ingolf Bergh

1. vara for kontrollutvalget i Vågsøy kommune for AP og TVP.

Vedlegg:

Utskrift av sak «Realisering av symjeanlegg i Vågsøy – Samarbeid med private aktørar».

«Intensjonsavtale om samanslåing av kommunane Flora og Vågsøy til Kinn kommune».



Vågsøy kommune

Arkiv: FA - D23
JournalpostID: 17/14449
Saksbehandlar: Knut Ove Leite
Dato: 02.11.2017

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
086/17	Oppvekst- og kulturutval	21.11.2017
186/17	Formannskap	23.11.2017
	Kommunestyre	

Realisering av symjeanlegg i Vågsøy - Samarbeid med private aktørar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vågsøy kommune er positiv til å arbeide vidare med realisering knytt til eit badeanlegg som dekker kommunen sine behov for symjeopplæring etter Opplæringslova.

Det vidare arbeid må klarlegge organisering av selskapsstruktur, om kommunen evt. skal vere eigar eller leigetakar i prosjektet.

Oppvekst- og kulturutval 21.11.2017:

Handsaming:

Tenesteleiar for kultur, Odd Gunnar Myhre orienterte og svarte på spørsmål.

Oppvekst- og kulturutvalet stiller seg samrøystes bak rådmann sitt framlegg til vedtak med følgande tillegg:

"1. Rådmann må få fram ein reell kostnad på årleg leigesum for symjeopplæring. Denne skal være basert på at Vågsøy Kommune leiger plass til lovbestemt symjeopplæring med eit selskap som eig symjebassenget, og som også elles kan drive dette på forretningsmessig basis. Slik kostnadsoversikt må være på plass før ein arbeider vidare med planer der kommunen er medeigar, eller sjølvstendig eigar av eit nytt symjebasseng.

2. Det skal også, samtidig ligge føre kostnad med å fornye renseanlegget på Skram slik at det kan ha kapasitet til bading både på dagtid, kveldstid og i helgane."

OK- 086/17 Vedtak:

Votering:

Rådmann sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt med tillegg.

Vågsøy kommune er positiv til å arbeide vidare med realisering knytt til eit badeanlegg som dekker

kommunen sine behov for symjeopplæring etter Opplæringslova.

Det vidare arbeid må klarlegge organisering av selskapsstruktur, om kommunen evt. skal vere eigar eller leietakar i prosjektet.

1. Rådmann må få fram ein reell kostnad på årleg leigesum for symjeopplæring. Denne skal være basert på at Vågsøy Kommune leiger plass til lovbestemt symjeopplæring med eit selskap som eig symjebassenget, og som også elles kan drive dette på forretningsmessig basis. Slik kostnadsoversikt må være på plass før ein arbeider vidare med planer der kommunen er medeigar, eller sjølvstendig eigar av eit nytt symjebasseng.

2. Det skal også, samtidig ligge føre kostnad med å fornye renseanlegget på Skram slik at det kan ha kapasitet til bading både på dagtid, kveldstid og i helgane.

Formannskap 23.11.2017:

Handsaming:

Frp, foreslått av Hogne Bleie, Framstegspartiet

Endring i siste setning i pkt. 1 i oppvekst- og kulturutvalgets innstilling:

Slik kostnadsoversikt må være på plass før ein arbeider vidare med planer der kommunen er medeigar, leietaker eller sjølvstendig eigar av eit nytt symjebasseng.

Repr. Kristian Skibenes ønsket vurdert egen habilitet da han har en liten eierandel i selskapet saken gjelder og jfr. Forvaltningsloven § 6) og fratrådte møtet.

Repr. Skibenes ble enstemmig erklært innhabil.

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Votering:

Det ble votert over oppvekst- og kulturutvalgets innstilling med endring i siste setning i pkt. 1 som foreslått av Frp v/repr. Bleie.

Enstemmig vedtatt.

F- 186/17 Vedtak:

Vågsøy kommune er positiv til å arbeide vidare med realisering knytt til eit badeanlegg som dekker kommunen sine behov for symjeopplæring etter Opplæringslova.

Det vidare arbeid må klarlegge organisering av selskapsstruktur, om kommunen evt. skal vere eigar eller leietakar i prosjektet.

1. Rådmann må få fram ein reell kostnad på årleg leigesum for symjeopplæring. Denne skal være basert på at Vågsøy Kommune leiger plass til lovbestemt symjeopplæring med eit selskap som eig symjebassenget, og som også elles kan drive dette på forretningsmessig basis. Slik kostnadsoversikt må være på plass før ein arbeider vidare med planer der kommunen er medeigar, leietaker eller sjølvstendig eigar av eit nytt symjebasseng.

2. Det skal også, samtidig ligge føre kostnad med å fornye renseanlegget på Skram slik at det kan ha kapasitet til bading både på dagtid, kveldstid og i helgane.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde i sak 82/16 slikt vedtak:

«Administrasjonen starter opp arbeid med å se på løsninger med en badehall som både løser kommunen sine lovpålagte oppgaver, samt støtter idretts- og fritidsaktivitet. Et slikt alternativ bør inneholde basseng på minimum 25 meter, samt terapibasseng.

Administrasjonen skal orientere seg om fremtidig samarbeid med private aktører med tanke på å utvikle et nytt svømmeanlegg i kommunen.»

Saksopplysninger:

Bassenget ved Skram skule på 12,5 m er no det ein har i kommunen. Bassenget har avgrensa kapasitet og dekker opplæringsbehovet til barneskulane. Kapsasitetsproblemet går på eit eldre anlegg si evne til reinse i høve bruken. Det er ikkje publikumsbading.

Det vil mest truleg bli obligatorisk med symjeopplæring for barnehagane. Pr no kan ein søkje om tilskot til å organisere opplæring for born over 4 år. Obligatorisk opplæring vil sette yttarlegare press på trong for eit nytt anlegg som kan stette opplæringsbehovet. I tillegg kjem ønsket om å kunne tilby tilbod som terapi-/opplæringsbasseng og publikumsbading.

Kommunen er i samtaler med interessentar som arbeider med å realisere eit hotelprosjekt med tilhøyrande fasiliteter på sentrumstomta i Måløy. Det er i regelverket for tippemidlar opna for å gje tippemidlar til prosjekt der private og offentlege samarbeider.

Det kan søkast om tilskudd til bygging av idrettsanlegg som er åpne for allmenn idrettslig virksomhet (idrett og fysisk aktivitet for alle), og som ikkje er underlagt fortjenestebaserte eigarformer. Regelverket opnar for ulike løysingar, både at kommunen er eigar og at private eig. Det er tilgjenge for ålmenta som er nøkkelen.

«2.2.1 Krav til søker jfr. gjeldande regelverk,

Det er et grunnleggende prinsipp at tilskudd i form av spillemidler ikke skal danne grunnlag for fortjenestebaserte eierformer. Av den grunn må følgende krav være oppfylt for å få tilskudd:

1. Kommuner/fylkeskommuner, idrettslag/organisasjonsledd i NIF og/eller søker som nevnt under bokstavene c-k, skal inneha kontroll med eierforhold og drift.
2. Det skal ikke foretas økonomiske utdelinger (utbytte etc.) til eierne.
3. Et eventuelt overskudd skal tilfalle idrettslige formål.
4. Ved oppløsning/avvikling skal formuen tilfalle idrettslige formål.

Søkere om tilskudd må være registrert i Enhetsregisteret og være tildelt et organisasjonsnummer.

Søkere om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan være

- a) kommuner/fylkeskommuner, samt kommunale/fylkeskommunale foretak
- b) idrettslag/organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF)

...

Følgende sammenslutninger må søke departementet om forhåndsgodkjenning av sine vedtekter for å kunne søke om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet:

- f) aksjeselskaper/allmennaksjeselskaper
- g) stiftelser
- h) samvirkeforetak

i) andre sammenslutninger

Det er kun eieren av anlegget som kan søke om tilskudd fra spillemidlene. I helt spesielle tilfeller kan departementet, etter forutgående, skriftlig søknad, gi dispensasjon fra dette kravet.

Søker under bokstavene f-i skal søke departementet om forhåndsgodkjenning av sammenslutningens vedtekter (se vedlegg 3-7).

2.2.5 Krav om eiendomsrett eller feste-/leierett til grunn

Søker må ha rett til bruk av grunnen hvor anlegget ligger/skal ligge. Ved søknad om spillemidler skal denne retten dokumenteres.

Retten til grunn skal ha hjemmel i ett av følgende forhold og aktuelt dokument skal vedlegges søknaden:

- tinglyst eiendomsrett, som skal dokumenteres med bekreftet utskrift av grunnboken
- tinglyst feste-/leierett av minimum 30 års varighet, som skal dokumenteres med bekreftet kopi av feste-/leieavtalen og bekreftet utskrift av grunnboken
- avtale av minimum 30 års varighet med kommunen/fylkeskommunen/staten om bruk av grunnen, når det gjelder anlegg på kommunal, fylkeskommunal eller statlig grunn
- avtale av minimum 30 års varighet med grunneiere om bruk av grunnen

I helt spesielle tilfeller kan departementet, etter forutgående skriftlig søknad, gi dispensasjon fra kravene.

2.3.4 Drift og bruk av spillemiddelfinansiert idrettsanlegg

Det er et grunnleggende prinsipp at spillemidler ikke skal omdannes til fortjeneste for private, fortjenestebaserte aktører. Dette innebærer at private, fortjenestebaserte aktører ikke kan motta spillemidler eller eie spillemiddelfinansierte idrettsanlegg, jf. pkt. 2.2.1.

Formålet med prinsippet er å sikre at fortjeneste fra å eie og bruke et spillemiddel-finansiert idrettsanlegg kommer anlegget til gode.

For anleggseier legger prinsippet begrensninger på adgangen til å bruke anlegget eller den delen av anlegget som har mottatt spillemidler: Anleggseier har ikke adgang til å inngå bruksavtaler med private, fortjenestebaserte aktører.

Fra denne hovedregel gjelder følgende unntak:

- Anleggseier kan fritt disponere over de deler av et idrettsanlegg som ikke har mottatt spillemidler.
- Anlegget kan leies/lånes ut for en kortere periode eller for avvikling av enkeltarrangementer av kortere varighet.
- Anlegget kan leies/lånes ut til private aktører som ikke er fortjenestebaserte. Se likevel begrensningene som følger av pkt. 2.3.1.

I helt spesielle tilfeller kan departementet etter forutgående, skriftlig søknad gi dispensasjon fra hovedregelen.»

I høve kommunestyret sitt vedtak i 82/16, var det knytt til ei sak der ein konkluderte med at eit tilsvarande anlegg på Tennebø blei for dyrt. Det var då stipulert til 110 mill. kr. Det inneheldt stupeanlegg, konkurransebaseng på 25 m og opplærings-/terapibaseng. Førsetnaden må då bli at kommunen får realisert det same for ein rimelegare sum, eller at ein reduserer omfanget på bassenget.

For kommunen, er det eit alternativ å gå for ei rimelegare løysing med eit mindre basseng som

dekker opplæringsbehov og noko publikumsbading. Det er støtte å få for ulike storleiker på bassenget slik at det ikkje er noko krav til at det skal vere konkurransebasseng på 25 m. Avvikande storleik mellom 12,5 og 25m, må ha godkjenning.

Normalt bygg ein 2 basseng, eit normalbasseng og eit opplærings-/terapibasseng. Det siste med regulerbar djupne.

Badeanlegg er dyre å bygge. 110 mill kr. for anlegget på Tennebø, blei stipulert av Asplan Viak. Eit liknande anlegg i sentrum vil mest truleg ligge i same prisleie.

Ei løysing som dekker kommunen sitt behov, vil koste minimum 60 mill med adskilt opplæringsbasseng. Eit 12,5 basseng med tilhøyrande garderober oa vil minimum kome på 40 mill. kr. Då er det rekna normal tomteknad. Dette vil vere ei minimumsløysing i høve opplæringsbehov og ikkje opne for publikumsbading. Tala er basert på referansetal frå Asplan Viak utarbeidd basert på snitt av mange anlegg. Det er normal uvisse opp/ned basert på tomteknad valde løysingar mm.

Årleg kostnad for løysinga til 60 mill inkl. kapitalkostnader, vil ligge på ca 3.350.000 etter at tippemidler og mva er trekt frå.

Vurderingar:

Kommunen har klare grenser for kor mykje ein kan engasjere seg med økonomisk. Kommunal deltaking vil sikre grunnlaget for tippemiddelstønning, ma kunne opne for interkommunal finansiering.

Det er ikkje funne rom for å gå inn tungt i økonomiplanperioden. Det er tatt inn kr. 1.250.000 i investeringsbudsjettet som både kan nyttast til aksjekapital og utgreiing. Midla vil ikkje bli nytta før etter ei nærare konkretisert sak til kommunestyret.

Kommunen bør imidlertid vere positiv til å delta i vidare arbeid. Det må avklarast selskapsform, finansiering mm før dette kan konkretiserast.

Basert på Økonomiplanen, vil det vere lite rom for kommunen å engasjere seg tungt økonomisk i utbygging i planperioden.

"INTENSJONSAVTALE OM SAMANSLÅING

AV

KOMMUNANE FLORA OG VÅGSØY

TIL KINN KOMMUNE"

Innleiing

Flora og Vågsøy vil slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020.

Vi ønskjer at Bremanger kommune etter forhandlingar blir med i den nye kommunen.

Det vert å utarbeide ein visjon som tar utgangspunkt i at vi skal leve i ein kommune med gode fungerande lokalsamfunn, der ein realiserer det store potensiale på kysten, flotte bu- og fritidsområde og ei berekraftig utvikling.

For å utvikle identitet og felles verdiar ønskjer vi innbyggardeltaking i arbeidet med visjonen.

1. Mål

Vi vil:

- Bli ein attraktiv tilflyttingskommune
- Bli den sentrale utviklingsaktøren mellom Ålesund og Bergen
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggerane
- Styrke vår attraktivitet som lokalisering for næringsverksemd
- Sikre ei berekraftig utvikling med målretta satsing på klima og miljø
- Styrke lokal stadidentitet og fellesskapskjensle til innbyggjarane i den nye kommunen

Det kan vi oppnå ved å:

- Realisere 45-minutts-regionen (Måløy-Svelgen-Florø) for å sikre gode kommunikasjonar i kommunen, og skape ein felles bu- og arbeidsregion. Kommunane er samde om at det viktigaste målet med 45-minuttsregionen er å raskast mogleg reise mellom Måløy og Florø. Det primære ønskje er bru over Bikjelsneset-Tongane, og veg over Terøya. Kommunane vil vurdere andre alternativ dersom det primære ønsket viser seg umogleg å realisere.
- Etablere eit båtsamband med fleire avgangar mellom Vågsøy, Bremanger og Flora og som korresponderer godt med anna samferdsle
- Satse på Florø Lufthamn for å sikre eit framtidsretta og godt rutetilbod
- Arbeide vidare med Stad skipstunnel for å sikre etablering av nye næringar

- Arbeide for betre vegstandard på det fylkeskommunale vegnettet
- Arbeide for å styrke tilbodet og miljøet rundt dei to vidaregåande skulane, fagskulen og høgskulen
- Arbeide for framtidens omsorg med utstrakt bruk av velferdsteknologi
- Skape verdiar av mogelegheitene som ligg i havrommet, farleiene og hamnene
- Arbeide for etablering av regionale og statlege arbeidsplassar i Måløy og Florø
- Skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø gjennom ein god, føreseieleg og framtidsretta arbeidsgjevarpolitikk
- Bygge ut Måløy og Florø som attraktive, urbane og kulturelle sentra ved å prioritere realisering av gjeldande plan for symjeanlegg, fleirbrukshall med spesialfunksjonar og kulturfasilitetar i Vågsøy og fullskala fotballhall i Florø
- Prioritere plankapasitet, areal og tilrettelegging for tomter til næring, landbruk og bustadbygging

2. Tenestene

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Ha og utvikle førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse- og omsorg, barnehagar og kulturtilbod der dei er ved samanslåinga
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Vere ein kunnskapsutviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon

3. Kommunesenter

Flora og Måløy skal ha delt kommunesenterfunksjon. Talet på administrative arbeidsplassar/rådhusfunksjonar i Måløy og Florø skal forholdsmessig vere som før samanslåinga.

Organisering av hamn og næringsarbeidet skal skje på ein måte som sikrar både heilskapleg samordning og satsing på komparative fortrinn i alle delar av kommunen. Eit døme er fiskeriaktiviteten i Vågsøy og petroleum i Flora.

I Måløy skal det etablerast kompetansemiljø til felles utvikling av mellom anna samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet, fornybar energi og klima og IKT.

4. Prinsipp for styring og organisering

Politisk

Kommunen skal ha formannskapsmodellen etter Kl. § 8 som styringsform.

Tal folkevalde

Bystyret/kommunestyret skal ha 39 medlemmer.

Fellesnemnda skal ha 5 medlemmer frå Flora og 4 frå Vågsøy, jamfør Inndelingslova § 26.

Den politiske møteverksemda skal ta heile den nye kommunen i bruk blant anna ved å veksle stort sett likt mellom Måløy og Florø for avvikling av bystyre/kommunestyre og formannskapet.

Det skal etablerast eit ungdomens bystyre/kommunestyre.

Administrativt og fagleg

- Det skal etablerast éin administrasjon med desentraliserte rådhusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt
- Spesialiserte fagfunksjonar som har ute-funksjon (t.d. helsestasjon og barnevern), skal lokalisert i dagens kommunehus
- Servicetorga skal hjelpe innbyggjarane innan dei mest etterspurde tenestene og kunne bli nytta til mogeleg «næringspark» med privat og offentleg tenesteyting
- Tilsette skal kunne kople seg på uavhengig av stad, klient og teknologi
- Det skal vere fleksibilitet og mobilitet uavhengig av organisatorisk plassering og tverrfaglege einingar på administrativt nivå på tvers av profesjonsgrenser
- Kompetanseoppbygginga skal systematisert for alle ledd i organisasjonen
- Kommunen skal utvikle sterke fagmiljø på område som samfunnsplanlegging, oppvekst, helse og omsorg og kultur

5. Kommunenamn og våpen

Kommunenamnet vert Kinn kommune.

Fellesnemnda arbeider med val av kommunevåpen.

6. Interkommunale selskap og samarbeid

Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar.

Målet er at vi skal løyse dei fleste av oppgåvene sjølve.

7. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om investeringar og økonomiplanar slik dei ligg i vedteken økonomiplan
- peike ut dei viktigaste tiltaka slik at den andre kommunen får innsyn i dei
- ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting

8. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at den andre kommunen får innsyn i dei.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

9. Arbeidsgjevarpolitikk

Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Det betyr at:

- Alle tilsette sine noverande rettar vert akseptert i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk
- Alle tilsette vil få tilbod om stilling i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtallige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passende arbeid i rimeleg avstand
- Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP og SPK

Det partsamansette utvalet med dei tillitsvalde (PSU, jf. Inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:

- Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement, m.m.)
- Utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette
- Harmoniserer lønsskilnader over tid
- Tilbyr avgangsstimulerande tiltak til leiarar

10. Utviklingsaktør

Den nye kommunen skal vere ein sterk utviklingsaktør og bygge på dei aktiva området har. Nye båtruter, Stad Skipstunnel og Kystvegen vil opne for ein heilt ny dynamikk på kysten. Den nye kommunen skal utvikle det potensialet dette vil gje innan kommunikasjonar og kulturbasert reiseliv.

Havet og marine ressursar er peika ut som eit nasjonalt satsingsområde. Den nye kommunen skal forsterke vår rolle som viktig for landet gjennom satsing på hamn, næringsareal, tilrettelegging for fiskeflåten, mottaks- og serviceanlegg på land og tilrettelegging for oppdrettsnæringa. Dette skal vere ei prioritert oppgåve for den nye kommunen sine (sitt) næringssekskap.

Framtidig organisering av næringsarbeidet skal prioriterast. Det same gjeld organisering av hamnene.